

# Melding om køyretøy som skiftar eigar



Statens vegvesen

Skal fyllast ut av tidlegare og ny eigar og leverast/sendast pr post til ein av trafikkstasjonane til Statens vegvesen innan 3 dagar etter eigarskiftet, jf. § 2-27 i forskrift 25. januar 1990 nr. 92 om bruk av køyretøy.

Kjennemerke må meldast inn ved registrering og førespurnad om køyretøyet. Hugs å gi melding om eigarskiftet til forsikringsselskapet.

For å levere salgsmelding på nett, sjå [vegvesen.no/dinside](http://vegvesen.no/dinside)

Tidlegare eigars norske fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)*	
Tidl. eigars namn*	
Tidl. medeigars norske fødselsnr (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)	
Tidl. medeigars namn	
Merke (sjå ev. vognkort)*	Køyretøygruppe (sjå ev. vognkort)
Registreringsår/årsmodell* (sjå ev. vognkort)	Understell nr.* (sjå ev. vognkort)
.....	
Dato*	Signatur til tidlegare eigar*
.....	
	Signatur til tidlegare medeigar

Viktig! Skjemaet må vere utfylt før innlevering til trafikkstasjonen.	Kjennemerke*
---	--------------

**OBS!** Tidlegare eigar har ansvaret for at meldinga om eigarskiftet blir innlevert. Same blanke for melding om eigarskifte må skrivast under av både tidlegare og ny eigar. **Felt merka med \* må fyllast ut.**

Ny eigars norske fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)*	
Ny eigars namn*	
Ny eigars adresse*	
Ny medeigars norske fødselsnr. (11 siffer)/D-nr/org.nr. (9 siffer)	
Ny medeigars namn	
Målform	Ny eigars yrke/næring
Ny eigars tf.nr./e-post adr.	
.....	
Dato*	Signatur til ny eigar, ev. verjer a)*
.....	
	Signatur til ny medeigar, ev. verjer

Etter eigarskiftet må køyretøyet så snart som råd registrerast på den nye eigaren, eller kjennemerke må leverast/sendast inn til ein av trafikkstasjonane til Statens vegvesen. Sjå [www.vegvesen.no/trafikkstasjoner](http://www.vegvesen.no/trafikkstasjoner) for adresser. Køyretøyet må ikkje takast i bruk før det er registrert på den nye eigaren.

Snu!

## Vilkår for registrering på ny eigar

Statens vegvesen tilrår å nytte vognkort del 2 ved melding om eigarskifte.

**Salsmeldinga kan også leverast på nett, sjå vegvesen.no/dinside.** Ved levering på nett må både seljaren og kjøparen bruke nett-tenesta.

**Melding om eigarskifte** må være fullstendig utfylt og signert av den tidlegare og den nye eigaren. Meldinga må **leverast/sendast** inn til ein av trafikkstasjonane til Statens vegvesen **seinast tre dagar etter eigarskiftet**.

Når meldinga om eigarskifte er mottatt på trafikkstasjonen, får den nye eigaren tilsendt brev om kva som må ordnast før køyretøyet kan omregistrerast, og giroblankett for betaling av omregistreringsavgift. På giroblanketten står den nye eigarens namn og adresse, kjennemerke, beløp og kidnummer. Dersom køyretøyet er avregistrert blir det ikkje sendt brev til den nye eigaren.

Dersom ein nyttar den tilsende giroblanketten ved betaling, vil motorvognregisteret (trafikkstasjonen) få elektronisk melding når beløpet er godskrive hos Skatteetaten. Hugs å oppgi kidnummer ved bruk av telegiro og elektronisk betaling.

Når alle andre forhold i forbindelse med omregistreringa er ordna, vil nytt vognkort bli tilsendt per post. **Det tar om lag ei veke.**

**Dersom ein ønskjer å få nytt vognkort raskare,** må ny eigar eller den som rår over køyretøyet på vegner av eigaren møte opp på ein trafikkstasjon og leggje fram:

1. Kvittering (original) for at omregistreringsavgift er betalt til Skatteetaten. (Fritak gjeld for visse klassar av køyretøy). Omregistreringsavgifta kan også betalast med bankkort på ein trafikkstasjon dersom alle forhold knytte til omregistreringa er ordna (forsikring, EU-kontroll, skyldig årsavgift, vognkort del 2, ev. manglande salsmeldingar og kontrollsetel med manglar).
2. Kvittering (original) for at skyldig års- eller vektårsavgift er betalt til Skatteetaten. Skyldig års- eller vektårsavgift kan betalast på trafikkstasjonane med bankkort. Dersom omregistreringsavgift, års- eller vektårsavgift er betalte i nettbank, må kvitteringa innehalde KID, beløp, betalaren sitt kontonummer, Skatteetatens kontonummer og betalingsdato. Det må stå på kvitteringa at betalinga er utført, betalt eller godkjent. For meir informasjon om køyretøyavgifter, sjå [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no).

3. Kvittering for at påskiltingsgebyr er betalt til ein av Statens vegvesen sine trafikkstasjonar, dersom kjennemerka til køyretøyet har vore inndratt av det offentlege.
4. Identitetsbevis for den nye eigaren og ev. medeigaren av køyretøyet.
5. Vognkort del 2 med namn på den tidlegare eigaren dersom dette ikkje er innlevert før.

Avtale med forsikringsselskap om lovpliktig trafikkforsikring må også være inngått i namnet til den nye eigaren. Erklæring om at slikt avtale er inngått, sender forsikringsselskapet til motorvognregisteret (trafikkstasjonane) i elektronisk rutine.

## Kven skal køyretøyet registrerast på?

Køyretøy skal registrerast på eigaren. Dersom køyretøyet har to eigarar, skal begge signere melding om eigarskifte. Dei blir da registrerte som eigar og medeigar i motorvognregisteret. Berre personar med norsk fødselsnummer, godkjent D-nummer eller verksemder med norsk organisasjonsnummer kan registrerast som eigar av eit køyretøy.

Dersom køyretøyet blir selt til person/føretak utan norsk fødselsnr./organisasjonsnr./D-nr., må kjennemerka vere innleverte til ein av trafikkstasjonane til Statens vegvesen. Køyretøy som er selde med salspant, skal registrerast på kjøparen.

Køyretøy som blir leigde ut på leasingkontrakt, skal registrerast på utleigaren.

**a)** Dersom køyretøyet blir selt til ein mindreårig eigar, må begge verjene signere. Dersom den mindreårige er 12 år eller eldre, må han/ho signere saman med verjene. I tilfelle der den mindreårige er under 12 år, er det ikkje krav til underskrift frå den mindreårige.

Adresser til trafikkstasjonane finn du på [www.vegvesen.no/trafikkstasjoner](http://www.vegvesen.no/trafikkstasjoner)

Det er ikkje mogleg å betale avgift eller ordne med omregistrering og vognkort på Lillestrøm trafikkstasjon sidan dei ikkje har tenester for køyretøyregistrering.

**Hugs at køyretøyet ikkje kan brukast før du har mottatt vognkortet!**